



Innst. 212 L

(2016–2017)

Innstilling til Stortinget frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 50 L (2016–2017)

Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i yrkestransportlova (gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis)

Til Stortinget

1. Samandrag

Samferdselsdepartementet legg med dette fram forslag til endring av yrkestransportlova § 31. Framlegget gir heimel for å krevje gebyr frå kandidatar som skal ta eksamen knytt til faglege krav for tildeiling av løyve for godstransport og persontransport (turbuss, drosje, selskapsvognløyve og løyve for transport for funksjonshemma), samt gebyr for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen.

Bakgrunnen for framlegget til lovendring er implementeringa av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1071/2009 om innføring av felles regler med hensyn til vilkårene som må oppfylles for å utøve yrket som transportør på vei og om oppheving av rådsdirektiv 96/26/EF (forordninga) fastsett i forskrift av 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innenlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) med heimel i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova). Etter forordninga er det lagt opp til at dei faglege kompetansekrava skal dokumenterast gjennom eksamen som Statens vegvesen (SVV) skal ha ansvaret for. Kostnadene for eksamensordninga skal finansierast gjennom gebyr, som skal krevjast inn frå dei som skal ta slik eksamen. Det er behov for heimel i yrkestransportlova for ei slik gebyrordning.

1.1 Økonomiske og administrative konsekvensar

Det er departementet si vurdering at endringane som vert lagt fram, ikkje vil få vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for det offentlege ettersom ordninga er gebyrfinansiert basert på sjølvkost.

For kandidatane som skal ta eksamen, vil ein heimel for å krevje gebyr innebere ein kostnad. Samanlikna med gjeldande ordning går det her eit skilje mellom dei som tek utdanninga på vidaregåande skule og dei som tek opplæring hos dei private utdanningsinstitusjonane. Førstnemnde vil få ein ekstrakostnad med den nye ordninga gjennom å måtte ta eksamen hos SVV og dermed måtte betale eksamensgebyret. Kandidatane som følgjer undervisninga hos dei private undervisningsinstitusjonane, vil òg måtte betale eit eksamensgebyr, men vil om ønskeleg kunne lese til eksamen på eiga hand og dermed unngå kostnadene til opplæring før eksamen. Eksamensgebyret er ein eingongskostnad for dei som vil etablere seg i transportnæringa, og vil samla sett difor ikkje vere ein stor kostnad for næringa.

1.2 Merknad til endringa av yrkestransportlova § 31

Lovframlegget inneber at departementet kan fastsetje i forskrift at det skal betalast gebyr for avvikling av eksamen og utferding av kompetansebevis. Føresegna gjev heimel til å krevje eitt gebyr for avvikling av eksamen og eitt gebyr for utferding av kompetansebevis.

Gebyra vert føresett å skulle dekkje kostnadene til å administrere avvikling av eksamen og produksjon av kompetansebevis. Gebyra skal verte betalt for kvart eksamensforsøk og for kvar utferding av

kompetansebevis. Storleiken på gebyra vil gå fram av forskrift og skal vurderast justert kvart år.

2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Kjell-Idar Juvik, Sverre Myrli, Magne Rommetveit, Eirik Sivertsen og Karianne O. Tung, frå Høgre, leiaren Nikolai Astrup, Torill Eidsheim, Nils Aage Jegstad og Helge Orten, frå Framstegspartiet, Tor André Johnsen, Åse Michaelsen og Morten Stordalen, frå Kristeleg Folkeparti, Hans Fredrik Grøvan, frå Senterpartiet, Janne Sjelmo Nordås, og frå Venstre, Abid Q. Raja, merkar seg at framlegget til lovending kjem av implementeringa av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1071/2009 om innføring av felles reglar med omsyn til vilkåra som må oppfyllest for å utøve yrket som transportør på veg og om oppheving av rådsdirektiv 96/26/EF (forordninga) fastsett i forskrift av 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) med heimel i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova).

Komiteen registrerer at det etter forordninga er lagt opp til at dei faglege kompetansekrava skal dokumenterast gjennom eksamen som Statens vegvesen (SVV) skal ha ansvaret for. Kostnadene for eksamensordninga skal finansierast gjennom gebyr som skal krevjast inn frå dei som skal ta slik eksamen. Det er behov for heimel i yrkestransportlova for ei slik gebyrordning.

Komiteen merkar seg at framlegget betyr å endre yrkestransportlova § 31 slik at departementet i forskrift kan fastsetje at det kan krevjast gebyr frå dei som skal ta løyveeksamen og for utferding av kompetansebevis ved bestått eksamen. Komiteen støttar dette.

Komiteen merker seg at høyringsfråsegnene støttar forslaget og at det blir oppmoda til å halde gebyra låge og ikkje over sjølvkost.

3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga vert fremja av ein samla komité.

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak til lov

om endringar i yrkestransportlova (gebyr for løyveeksamen og utferding av kompetansebevis)

I

I lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy skal § 31 lyde:

§ 31 *Gebyr*

Departementet *kan fastsetje i forskrift* at det skal betalast gebyr for

- a) utferding av løyvedokument, løyveskilt, eller annan dokumentasjon etter denne lova
- b) *avvikling av løyveeksamen og utferding av kompetansebevis.*

II

Lova tek til å gjelde straks.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 14. mars 2017

Nikolai Astrup

leder

Magne Rommetveit

ordfører